

<b>Dokumenttype</b>	NOU 1986:15	<b>Dokumentdato</b>	1986-01-21
<b>Tittel</b>	Dokumentasjon, vern, vidareføring og etterreising av gamle handverk		
<b>Utvalgsleder</b>	Willoch Ingrid I		
<b>Utgiver</b>	Kirke- og undervisningsdepartementet		
<b>Oppnevnt</b>	1985-01-04	<b>Sider</b>	34
<b>Kapittel</b>	5 Tilrådingar om konkrete tiltak og dei økonomiske konsekvensane av desse		

Vi har i det føregåande peika på at trygging av eldre handverk vedkjem ei rekke instansar. Dei aktuelle verne- og styrkingstiltaka har ein svært ulik karakter. Følgjeleg er det neppe realistisk eller ynskjeleg at desse oppgåvane i større grad vert lagde til færre instansar. Derimot er det ynskjeleg med sterke grad av samordning.

---

## **Kapittel 5** Tilrådingar om konkrete tiltak og dei økonomiske konsekvensane av desse

### 5.1 Samordnande og dokumenterande tiltak

Eit samordningsansvar for vern av handverkstradisjonar bør eksplisitt leggjast til eitt departement. Med di Kultur- og vitskapsdepartementet har breast oppgåvefelt innan kulturvernarbeidet, finn vi det naturleg å gjera framlegg om å plassera samordningsansvaret der. Administrativt bør denne funksjonen kunna dekkjast innanfor ramma av ei ny stilling til ein bruttokostnad på om lag kr 250.000.

I tilknyting til denne samordningsfunksjonen må det finnast rådveldemidlar som kan nytast til å stø ulike dokumenterande og samordnande tiltak i regi av større muse- og andre kulturverninstitasjonar, slik som Norsk Etnologisk Gransking, Riksantikvaren, Fortidsminneforeningen m.fl. Dessutan bør det finnast midlar til å halda seminar og konferansar for å drøfta den konkrete oppfølgjinga av dei oppgåvane og problemområda som det er gjort greie for i denne utgreiinga.

Til kulturhistoriske filmopptak vert det i statsbudsjettet for 1986 løyvt kr 238.000. Denne posten bør aukast monaleg. Det er likevel mogeleg at filmproduksjon, etter den modellen som hittil har lege til grunn, er for kostnadskrevjande: I tillegg til det reint dokumenterande har desse filmane vore lagde til rette for formidlings- og undervisningsføremål, noko som tvilaust har vore sterkt fordyrande.

Følgjeleg bør ein i større grad ta i bruk den enklare videoteknikken til reint dokumenterande opptak av arbeidsprosessar. Det innsamla videotilfanget kan i neste vinda tena som grunnlagsmateriale for instruksjonsfilmar, dvs takast i bruk som eit undervisningshjelpemiddel ved dei opplæringstiltaka som vert sette i verk for å vidareføra tradisjonelle handverkskunnskapar.

Ei intensivering av dette dokumenterande arbeidet hastar mykje av di dei aktuelle handverksutøvarane og andre tradisjonsberarar i urovekkjande stor grad høyrer til den utdøyande generasjonen.

Alt i alt bør Kultur- og vitskapsdepartementet årleg ha til rådvelde om lag kr 1.500.000 for å styrka dette dokumentasjonsarbeidet, og for å fylla den samordningsfunksjonen vi har gjort framlegg om. Dette arbeidet må forventast å ha ein permanent karakter.

I tillegg bør det så snart som råd er iverksetjast eit tre-års kartleggingsprosjekt med ein person med faglege føresetnader i arbeid i kvar landsdel. Medrekna omfattande reiseverksemd, konsulentråd og tekniske utgifter vil kvar av desse stillingane måtta forventast å føra til ein årleg

kostnad på kr 300.000, altså til saman kr 1.200.000 kvart år i tre år.

Eit anna tiltak som bør finansierast over budsjettet til Kultur- og vitskapsdepartementet, er skipinga av eit edb-register med både aktuelle og historiske data om handverk og handverksutøvarar. Vi har tidlegare i utgreiinga sterkt poengtert nytta av ein slik kunnskapsbank: Dei som kan utøva ein eller fleire handverksteknikkar, og som ynskjer å ta på seg oppdrag som fordrar desse kunnskapane, kan etter eige ynskje verta ført opp i eit register, som vert kontinuerleg ajourført. Utgangspunktet vårt for å leggja særleg vinn på dette tiltaket er at det venteteg vil gjera seg gjeldande ein sterkare etterspurnad etter ei rekke handverkstenester, dersom informasjon om kven som kan stetta det aktuelle behovet, vert lettare tilgjengeleg.

Vi gjer framlegg om at dette registeret vert etablert ved De Sandvigske Samlinger/Maihaugen på Lillehammer. Drifta må forventast å krevja to stillingar - ei konsulentstilling og ei kontorstilling. Med tillegg av driftsmidlar vil dette venteteg fordra ei årleg utgift på om lag kr 400.000.

I tillegg kjem tekniske investeringar med ei samla ramme på om lag kr 200.000. Denne kostnadsramma føreset at registeret vert knytt til det dataanlegget som nemnde museum er i ferd med å skaffa seg: Ei dobling av disk-kapasiteten på denne maskinen + ein bandstasjon for tryggingskopiar vil kosta i kring kr 100.000, to skjermterminalar med brukarkort om lag kr 60.000. Utstyr som gjer det mogeleg å distribuera utskrifter på diskett vil gje ein meirkostnad på ca kr 30.000. Dersom registeret skal kunna nåast over telenettet, vil ytterlegare investeringsutgifter koma til, men sannsynlegvis vil det i første venda vera vera mest aktuelt å senda ut eit listeprodukt på papir (og eventuelt på diskett) t.d kvart kvartal.

## Kapittel 5 Tilrådingar om konkrete tiltak og dei økonomiske konsekvensane av desse

### 5.2 Opplæringstiltak

Det vil vera viktig å få etablert fagmiljø der utøvarar av ulike tradisjonelle handverk kan stimulera kvarandre. Landsliner for verneverdig fag bør difor verta etablerte på eit fåtal stader og fortrinnsvis der ein har eit fagmiljø av ein viss styrke som ein kan byggja vidare på. Det er naturleg å tenkja på døme som Sand i Ryfylke (rosemåling), Voss (kunsthandverk), Hjerleid på Dovre (restaurering) og Saltdalen (båtbygging). Rådet for vidaregåande opplæring bør arbeida vidare med dette spørsmålet. Ein lyt vera open for at slike landsliner kan medføra ekstra kostnader, jamvel om brorparten av utgiftene bør kunna verta dekte over det ordinære budsjettet for vidaregåande opplæring. Små klassar og ekstra utstyr/verkstadrom krev likevel ekstra løyvingar. Ei årleg meirutgift på kr 2.000.000 verkar realistisk.

Lærlingeordninga er særskild skikka til å fanga opp opplæring i fag som enno ikkje er komne inn i skuleverket, og til å gje avsluttande fagopplæring til unge som har fått grunnutdanning i skulen. Føresetnaden for opplæring er at det finst etablerte handverkarar som har kompetanse og føresetnader elles for å kunna ta inn ein lærling. Dei tradisjonelle måtane å arbeida på kviler kan henda som passiv kunnskap i verksemda. Oppdraga der denne kunnskapen er aktuell, kan vera få, små og spreiddde, (men det registeret vi gjer framlegg om vil vonleg betra dette). I andre tilfelle kan det vera arbeidspresset eller praktiske vanskar av ulike slag som hindrar inntak av lærlingar.

I båe fall lyt ein tru at eit auka lærlingetilskot vil kunna hjelpe til med å få etablert lærlingekontraktar. Vi vil på denne bakgrunnen gå inn for å auka tilskotet til det dobbelte i fag som vert erkjent verneverdig. Vi vil i denne samanhengen streka under at vi definerer fag i vid tyding og ikkje avgrensa til dei faga som i dag fell inn under lova om fagopplæring.

Vi føreset at det i landsmålestokk vert skipa til i alt hundre slike

lærlingekontraktar. Meirkostnaden vert kr 12.000 pr lærling, altså kr 1.200.000 i årleg kostnad.

Med den nye lova om folkehøgskular er desse på ein klårare måte enn tidlegare dregne inn i vaksenopplæringa. Korte kurs retta mot lokalmiljøet er no ein ekte del av folkehøgskulen. Desse skulane vil då på ein stabil måte kunna representera eit tilbod i dei særleg små faga. Vi tenkjer på teknikkar som t.d nålebinding, sveip, særlege spøteteknikkar og lokale tradisjonar av eit kvart slag som det er vanskeleg å fanga opp i yrkesopplæring eller vidaregåande skule. Dei lyt leva vidare som husflid i eigentleg forstand. Men i vårt omskiftelege samfunn treng vi at dei vert haldne oppe og styrkte ved at nokon får særleg ansvar for formidling og vidareføring.

Vi gjer i første omgang framlegg om at fire folkehøgskular - ein i Nord-Noreg, ein i Trøndelag, ein Vestafjells og ein Austafjells - får i særleg oppdrag å byggja opp kompetanse og å halda vedlike eit kontaktnett andsyntes tradisjonsberarar slik at dei kan arrangera kurs i ulike handverksteknikkar.

For å kunna gjera dette lyt dei få særskilde midlar til kontaktarbeid og til å dekkja den meirkostnaden det fører med seg å kalla inn tradisjonsberarar som lærarar, av di tradisjonsberaren oftest ikkje er trenar i formidling, og av di den ordinære læraren sjølv bør vera elev og læra seg teknikken sjølv - med tanke på seinare formidling når tradisjonsberaren fell ifrå. Desse skulane bør elles verta pålagde å dokumentera dei teknikkane dei tek opp. Tiltaka må dessutan samordnast med tilsvarende aktivitet i regi av husflidslaga.

Vi reknar med at dei fire skulane treng ekstra tilskot tilsvarende ei lærarstilling (til tradisjonsberarane). Dinest treng dei ekstra stønad til kontaktarbeid, reiser, dokumentasjon og administrasjon av ordninga. Vi gjer framlegg om at kvar skule får kr 250.000, dvs ein samla årleg kostnad på kr 1.000.000.

På bakgrunn av at mange handverk ikkje lenger har aktive utøvarar, vil det vera aktuelt å gjennomføra ein del strakstiltak i tre år framover, der ein improviserer ein læresituasjon i høve til ein eldre tradisjonsberar.

Vi tenkjer til dømes på utdanna handverkarar eller andre kvalifiserte som på eit sjølvstendig grunnlag lærer seg faget medan det enno er tid. Etter kvart kan dette faget verta overført til det ordinære utdanningssystemet, eventuelt som vaksenopplæringstiltak.

Vi føreset at vedkomande personar på årsbasis får stipend tilsvarende byrjingssløna i faget (kr 100.000). Dertil trengs det litt til tradisjonsberaren (kr 25.000), til etablering av produksjonen og til reiser (kr 25.000). Opplæring av ti personar kvart år vil altså fordra kr 1.500.000.

## Kapittel 5 Tilrådingar om konkrete tiltak og dei økonomiske konsekvensane av desse

### 5.3 Logo for handverksdugleik

Vi gjer framlegg om at det vert vurdert å innføra eit merkje - logo - for handverkarar med særlege faglege kvalifikasjonar som er viktige i kulturvernsamanheng.

Eit slikt merkje vil kunna nyttast i marknadsføringa, slik det er lang tradisjon for innan dei gamle laugshandverka. For publikum vil dette merkjet vera ein garanti for kvalitet.

Merkjet bør knytast til ei prøve som avspeglar praktisk dugleik og turvande teoretiske kunnskapar om materialbruk og anna som er viktig for utøvinga av faget. Innhaldet av ei slik prøve bør utarbeidast i eit samarbeid mellom opplæringsråda og dei faglege miljøa.

---

**Kapittel 5** Tilrådingar om konkrete tiltak og dei økonomiske konsekvensane av desse  
**5.4 Oversyn over økonomiske konsekvensar**

Permanente tiltak:

Samordning på departementsnivå (Kd)	kr 250.000
Dokumenterande og samordnande tiltak (Kd)	kr 1.500.000
Drift av edb-register (Kd)	kr 400.000
Vidaregående opplæring, landsliner (KUD)	kr 2.000.000
Lærlingetilskot (KUD)	kr 1.200.000
Folkehøgskular/vaksenopplæring (KUD)	kr 1.000.000
	kr 6.350.000

Tidsavgrensa tiltak - prosjekt over tre år:

Dokumentasjon (Kd)	kr 1.200.000
Strakstiltak, opplæring (KUD)	kr 1.500.000
	kr 2.700.000

Eingangsutgift - investering:

Edb-register, utstyrskjøp (Kd)	kr 200.000
	kr 200.000

Samla kostnader (i 1.000 kroner):

1987	1988	1989	1990
9.250	9.050	9.050	6.350 osb.